

## **Velkomstord / Info**

### **Salme:**

Å kor djup er Herrens nåde, som eit hav, så djup og vid!  
Å kor kjærleg er hans rettferd, som kan meir en gjere fri!  
Det er ingen som kan kjenne våre sorger slik som Gud,  
Ingen domar som så venleg slettar brot og synder ut.

Det er rikeleg forløysing I vår Jesu dyre kross.  
Det er sang og evig glede I det blod som rann for oss.  
Og vart hjarta fylt av kjærleik Ved vår tru på ordet hans,  
Då vart livet til ein stråle Av Guds herlegdom og glans.

### **Nådehelsing**

#### **Bøn for dagen:**

Jesus Kristus, audmjuke konge,  
du kom til oss, forneda og fattig.  
Vi bed deg: Forson oss med Gud og med kvarandre.  
Lær oss å gje avkall på vårt eige og følgja deg,  
du som med din Far og Den heilage ande lever og råder,  
éin sann Gud frå æve til æve. Amen.

#### **Skriftlesing: Jer. 31, 31-34**

Sjå, dagar skal koma, seier Herren,  
då eg gjer ei ny pakt  
med Israels hus og Judas hus,  
ikkje som den pakta  
eg gjorde med fedrane deira  
den dagen eg tok dei i handa  
og førte dei ut frå Egypt;  
den pakta braut dei,  
endå eg var herren deira, seier Herren.  
Men dette er pakta eg vil gjera  
med Israels hus i dagar som kjem,  
seier Herren:  
Eg legg mi lov i sinnet deira  
og skriv henne i hjartet deira.  
Eg skal vera deira Gud,  
og dei skal vera mitt folk.  
Då skal ingen lenger  
undervisa sin neste og sin bror  
og seia: «Kjenn Herren!»  
For dei skal alle kjenna meg,  
både små og store, seier Herren.  
For eg vil tilgje skulda deira  
og ikkje lenger hugsa synda.

**Salme:**

Takk for alt du har gjort for meg  
din trofasthet den er stor  
når jeg føler meg svak i meg selv  
da får jeg kraft av ditt Ord  
for du er klippen som alltid, alltid står fast,  
selv om det stormer omkring  
ja, du er klippen som alltid, alltid står fast  
selv om det stormer omkring

**Preike****Truvedkjenninga:**

Eg trur på Gud Fader, den allmektige, som skapte himmel og jord.

Eg trur på Jesus Kristus, Guds einborne Son, vår Herre,  
som vart avla ved Den heilage ande, fødd av Maria møy,  
pint under Pontius Pilatus, vart krossfest, døydde og vart gravlagd,  
fór ned til dødsriket, stod opp frå dei døde tredje dagen,  
fór opp til himmelen, sit ved høgre handa åt Gud, den allmektige Fader,  
skal koma att derifrå og døma levande og døde.

Eg trur på Den heilage ande, ei heilag, allmenn kyrkje,  
eit samfunn av dei heilage, forlating for syndene,  
oppstoda av lekamen og evig liv. Amen.

**Salme:****Omkved:**

Du omgir meg på alle sider  
Og held meg fast i di hand.  
Du omgir meg på alle sider  
Og held meg fast i di hand.

Når min veg går gjennom tette skodda  
Nær ved bratte stup og djupe vatn  
Då er du nær meg på alle sider,  
Ja du leiar gjennom vatn.

**Omkved**

Når min tru er svak og motet sviktar  
Og eg kjenner kalde redslevindar.  
Då veit eg trass alt at du er nær meg,  
Du har lova vere med kvar ein dag.

**Omkved**

## **Forbøn for land og folk**

Himmelske Far, lat namnet ditt helgast, så ordet ditt vert forkynt klart og reint, og vi ærar namnet ditt i ord og gjerning.

Gode Frelsar, lat riket ditt koma, så du vert kjend mellom oss og alle folkeslag, slik at vi trur ordet ditt og lever med deg no og i æva.

Visdomens Gud, lat viljen din ráda på jorda slik som i himmelen, så vi bøyer vår eigen vilje og legg alt i di hand, og du bryt alle vonde planar og all vond vilje i verda.

Livgjenvende Gud, gjev oss i dag vårt daglege brød, så alle får det dei treng til kropp og sjel, og vi deler med glede gåvene dine ut over heile jorda.

Herre over forsoninga tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar, så du tilgjev oss og ikkje støyter oss vekk på grunn av syndene, og vi kan tilgje kvarandre.

Gud, du som vaktar og vernar, lat oss ikkje koma i freistung, slik at djevelen, verda og vår eigen natur får lokke oss til vantru og synd, men hjelp oss å vinne siger og halde fast på sigeren.

Mektige Herre, frels oss frå det vonde, så vi kan verte frelste frå alt vondt på kropp og sjel, og i vår siste time få døy sæle vekk frå denne verda. For riket er ditt og makta og æra i all æve. Amen.

## **Herrens bøn:**

Vår Far i himmelen!

Lat namnet ditt helgast. Lat riket ditt koma.

Lat viljen din ráda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,  
og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freistung, men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt og makta og æra i all æve.

Amen.

## **Salme:**

Navnet Jesus blekner aldri, tærer ei av tidens tann.

Navnet Jesus det er evig, intet det utslette kan.

Det har bud til unge, gamle, skyter stadig friske skudd.

Det har evnen til å samle alle sjeler inn til Gud.

Navnet Jesus MÅ jeg elske, det har satt min sjel i brann.

Ved det navnet fant jeg frelse, intet annet frelse kan.

Jesus navn, hvor skjønt det klinger! La det runge over jord.

Intet annet verden bringer håp og trøst som dette ord.

For det navn må hatet vike, for det navn må ondskap fly.

Ved det navn skal rettferds rike skyte friske skudd på ny.

Navnet Jesus må jeg elske...!!!

Midt i nattens mørke blinker som et fyrlys Jesu navn.

Og hver hjemløs seiler vinker inn til frelsens trygge havn.

Og når solen mer ei skinner, Jesu-navnet det lyser enn.

Da den frelste skare synger høyt dets pris i himmelen.

Navnet Jesus må jeg elske, det har satt min skje i brann.  
Ved det navn fant jeg frelse, intet annet frelse kan. x2

**Velsigninga:**

***Herren velsigne deg og vare deg.***

***Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.***

***Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred.***